



Klar til start!

Trass i det silande regnveret laurdag, vart SPAR-løpet laurdag ein stor suksess. Heile 134 løparar frå 8 ulike klubbar stilte til start, og det var også mange blant publikum. Frå Uskedal idrettslag stilte imponerende 39 løparar.

Sparløpet var også Kvinnheradsmeisterskap i terrengløp 2015, og vi fekk 9 meistarar. Det var Anna Elisabeth Samland Eik, Emma Myklebust, Mathias Børve, Silje Soldal, Thea Soltveit Taranger, Sunniva Erslund Myklebust, Kari Bråttun, Johannes Haugland og Arvid Hjelmeland. Alle dei andre gjorde også ein flott innsats.

SPAR-løpet var også avslutningsløpet i terrengløpskarusellen 2015. Totalt har 180 løparar delteke i eit eller fleire løp i karusellen. 100 løparar er kvalifisert til deltakarmedaljen etter å ha vore med i 3 eller 4 av løpa. Det er kjempeflott!!



Kjersti N. Børve delte ut innholdsrike premieposar frå SPAR.

Fleire bilete frå SPAR-løpet finn de ved å klikka inn på [UIL si heimeside](#).

Fullstendig resultatliste finn de [her på UIL si heimeside.](#)



Dobbelsiger i J10-klassen ved Anna Elisabeth Samland Eik og Ruth Maria Myklebust



J11, Julie S. Ersland, Emma M. Ripel og Stina Sunde



12 åringane Saima L. Døssland, Silje Soldal og Sandra Støle.



Uskedalsjentene dominerer i 13 årsklassen.



[Johannes Haugland vert gratulert som Kvinnheradsmeister.](#)



Torbjørn Haugland, Kristian Øvstebø og Mathias Børve under premieutdelinga



Arrangørstaben i konsentrert arbeid

Teskst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Åse Myklebust/Espen Eik